

HAUGSHORNET VINDKRAFTVERK – TILLEGGSSØKNAD OG TILLEGGSUTGREIING

Naturvernforbundet har registrert at det ligg føre ein tilleggssøknad og vidare at det er tilleggsutgreidd nokre spørsmål.

Når det gjeld konsekvensutgreiinga for biologisk mangfald har vi dette å seie til endringa:

I oppsummeringa er mykje sagt:

- Konfliktgraden er auka frå å ligge mellom middels og stor negativ konsekvens til å ha stor negativ konsekvens.
- Berre ein vesentleg reduksjon av tal vindturbinar kan redusere konfliktgraden.

Av tilleggsutgreiinga går det fram at det er registrert 7 hubropar innan 5 km radius frå det planlagde vindkraftanlegget. Dette er ei viktig opplysing som no kjem fram.

Det går fram av tilleggsutgreiinga at kunnskapen om verknadene på hubro framleis har store hol. Vidare at kollisjonsdrept hubro er kjent fenomen frå mange stader der hubro finst i nærleiken. Sidan hubro er mellom dei som flyg ein del lågt er det mykje mogleg at "små" vindturbinar er vel så stort problem som dei store.

Hubro er plassert som EN Sterkt truga på raudlista 2006. Bestanden av hubro ser ut til å vere berre 1/3 av det han var for 30 år sidan i Møre og Romsdal. Når kring 20% av denne bestanden held til i området kring Haugshornet, har eit vindkraftanlegg her potensial til å forsterke nedgangstendensen kraftig.

Med såpass mange hubropar i dette området tyder det også at området har gode kvalitetar for hubro. Når ein art er truga vil dei dårlegaste lokalitetane gå ut av bruk først. Midlere lokalitetar kan i beste fall ha noko reproduksjon. Berre dei optimale områda har føresetnad for ein reproduksjon som kan få ein skrantande bestand på fote igjen. Områda kring Haugshornet kan moglegvis vere blant dei aller beste i Møre og Romsdal i så måte.

Raudlistekriteriet EN tyder at det er minst 20% sjanse for at arten dør ut innan 5 generasjonar. Situasjonen er no slik for hubro at alt må gjerast for at arten

igjen kan få levevilkår som sikrar at denne arten overlever. Hubroen har ein viktig plass i økosystemet, og eit tap av denne arten vil også representere tap for andre artar på sikt.

Sjølv om vi ikkje nemner dei andre artane som har fått endra opplysningar spesielt, er ikkje desse opplysningane utan verknad for prosjektet. Påviste negative konsekvensar er større enn det ein trudde berre for to år sidan.

Det kjem vidare fram nye opplysningar om fugletrekk i området. Opplysningane er mest eigna til å konkludere med at dette veit ein for lite om, men det er klart at vindkraftverket kan få konsekvensar for fugletrekk i større omfang enn det ein visste om for 2 år sidan.

Elles legg vi merke til at kunnskapen om ein del fugleartar har auka mykje frå 2005 til 2007 for området. Det skuldast rimelegvis at området er følgd nøyare over tid. Endringa må føre til auka krav til undersøkingar i framtidige konsekvensutgreiingar. Kravet til feltundersøkingar må aukast, og det må gå føre seg over lenger tid.

Elles vil Naturvernforbundet seie frå om at sjølv ei redusert utbygging med mindre konsekvensgrad også er uakseptabel i dette området.

Vi merker oss elles at behovet for å redusere utbygginga er møtt med ein søknad der vindturbintalet er auka frå 26 til 31. Sjølv om turbinstorleiken ikkje lenger er på 4,5 MW merker vi oss kva vindkraftindustrien oppfattar som redusert løysing. Å sleppe ein elefant i eit glasmagasin går ikkje for å vere bra, og slik framferd frå utbygger kan ikkje samanliknast med noko betre enn det.

Elles registrerar vi at verdien av området som friluftsområde er oppgradert. Underlagsdokumentet for dette finst truleg i vedlegg 5 til søknaden, eit vedlegg som ikkje er lagt tilgjengeleg på nve.no så langt vi har sett.

Området er turområdet for kommunane på Ytre Søre Sunnmøre. Ein del av grunngevinga for å bygge ut vindkraft er at krafta er betre for miljøet enn ein del alternativ. Det er då paradoksalt viss verknaden av ei plassering på Haugshornet då blir redusert friluftaktivitet, og i den grad han held fram ein aktivitet som krev meir køyring, større bruk av ikkje-fornybare energiresursar og større utslepp av klimagassar.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal